

VEDLEGG B

► Høyringsfråsegn planforslag

1. Mattilsynet
2. Sandvik vassverk
3. Osternes Grendelag
4. Norges vassdrags- og energidirektorat
5. Dåfjord Næringsforum
6. Fiskeridirektoratet
7. Statens Vegvesen

► Innspel til Kommunedelplan for vassforsyning

Orientering

Det er komen inn sju innspel til kommunedelplanen for vassforsyning. Desse er gjengjeven i det etterfylgjande saman med kommentar til korleis innspela er teken omsyn til i planarbeidet.

Innspel frå Mattilsynet

Norconsult

Dykkar
ref:
Vår ref: 2020/87367
Dato: 12.06.2020
Org.nr: 985 399 077

Att.Vatne Ingrid

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



Mattilsynet

INNSPEL TIL KOMMUNEDELPLAN FOR VASSFORSYNING 2020-2030 - FITJAR KOMMUNE

Mattilsynet har desse innspela til Fitjar kommune sin kommunedelplan for vassforsyning 2020 – 2030.
Innspela er gitt punktvis, som i planen.

1. Innleiing

-

2. Planføresetnader

2.1 Folketal

Planen seier at ein ventar ytterlegare hytteutbygging på Kråko. Dette må de følgja opp med å sikre kapasitetsauke på vasshandsamingsanlegget og reduksjon av lekkasjen på distribusjonsnettet. Regjeringa sitt mål om mindre enn 25 % lekkasje ved utgangen av 2020 er nok ikkje realistisk i Fitjar.

3. Status for drikkevassforsyninga

3.5 Privat vassforsyning

Ut frå det som vert oppgitt i planen er det om lag 20 % av innbyggjarane i kommunen som i dag ikkje er knytta til det kommunale vassverket.

Innbyggjarane i området til Sandvik vassverk Osterneset er blant desse.

Sandvik vassverk forsyner, forutan private husstandar, og serveringsverksemd, ferje og publikumsfasilitetar i Sandvikvåg. Mattilsynet oppmoder Fitjar kommune til at utviding av Fitjar vassverk sitt distribusjonsnett fram til Osterneset og Sandvik blir tatt inn i planen.

Mattilsynet
Seksjon fisk og mat Sunnhordland og
Haugalandet

Saksbehandlar: Astrid Dale
Tlf: 22400000
E-post: postmottak@mattilsynet.no
(Hugs namnet til mottakaren)

www.mattilsynet.no
Postadresse:
Felles postmottak, Postboks 383
2381 Brumunddal
Telefaks: 23 21 68 01

Me viser til punkt 4.5 Mål for tilknytingsgrad, der de seier at det bør leggest til rette for at flest muleg av innbyggjarane i Fitjar er knytta til kommunalt drikkevatn. For Osterneset og Sandvik gjeld dette 56 bueiningar. Å innlemme desse abonnentane i offentleg vassforsyning, vil gi dei større tryggleik for stabil vassforsyning med vatn av god kvalitet i framtida. Små, private vassverk som vert drivne på dugnad har eit krevjande arbeid for å oppfyller dei mange krava i regelverket for drikkevatn. Med fleire abonnentar til Fitjar vassverk i framtida, kan de som offentleg vassverkseigar også betre sikre nok ressursar og kompetanse til drifta av vassverket.

4. Målsetjingar

4.3 Mål for forsyningssikkerheit

Arbeidet med å sikra at vassverka har reservevassforsyning vil vera prioritert område for Mattilsynet framover og det er bra at de har mål for dette arbeidet i perioden. Mattilsynet er og kjent med samarbeidet ein ønsker med Stord kommune og ser positivt på det.

4.4 Mål for mengde og trykk

Mattilsynet ser positivt på at målet for lekkasjereduksjon er ambisiøst og viser til Regjeringa sitt mål om mindre enn 25% lekkasje innan utgangen av 2020, kapittel (e), punkt d side15.

5. Strategi og tiltak

5.1 Saneringstiltak på eksisterande leidningsnett

Mattilsynet støttar målsetjinga og tenker at målet om å sanera alt leidningsnett som kan forringa vasskvaliteten er ambisiøst og bra.

5.2.1 Kapasitet i vassverket

De oppgir 2025 som tiltaksår for utviding av reinsekapasiteten til Rimbareid vassverk. Det føreset då at arbeidet med lekkasjereduksjon på distribusjonsnettet skal gå for fullt i åra før dette? Ein leidningsnettmodell vil vera til god hjelp for å sjå kor vatnet går i distribusjonsnettet.

5.2.2 Vasskvalitet

Det er bra at de er proaktive og ser at det er og kan koma ytterlegare utfordringar grunna endringar i klimaet.

Skriftleg prosedyre for kloring som er testa og utprøvd, må vera på plass før eventuell bruk.

5.2.3 Reservevasskjelde

Forsyningstryggleik er høgt på prioriteringslista frå sentrale mynde og det vil vera fokus på dette i åra som kjem.

Eit samarbeid med Stord kommune og tilkopling til Stord vassverk sitt distribusjonsnett vil vera ei styrking av leveringstryggleiken til Fitjar vassverk sine abonnentar.

5.2.4 Høgdebasseng

Utbygging av høgdebasseng vil og vera med å styrka leveringstryggleiken til vassverket.

5.5.2 Vassforsyning til Osterneset

Mattilsynet vil be om at vassforsyning til Osterneset vert tatt inn igjen og prioritert i planperioden.

Regjeringa sine nasjonale mål seier og noko om i kapittel (c) punkt (b) side 11.

Der står det: «Eksisterende private vannforsyningssystemer med uklare eierforhold og/eller utifredsstillende vannkvalitet og leveringssikkerhet skal oppgraderes eller knyttes til eksisterende vannforsyningssystemer slik at man oppnår hygienisk tilfredsstillende, hensiktsmessige og kostnads- og driftseffektive enheter».

Sandvik vassverk er eit privat vassverk som vil trenga oppgradering om det i framtida skal kunne stetta gjeldande krav i lov og forskrift. Mattilsynet ber om at det vert lagt til rette for at abonnentane kan koplast til kommunalt drikkevatt. Sjå elles grunngjeving i pkt 3.5.

6. Handlingsplan

Me oppmodar om at kommunal vassforsyning til Osterneset og Sandvik vassverk sine abonnentar blir tatt inn i planen.

7. Økonomi

De skriv at Fitjar kommune tradisjonelt har hatt ei låg vassavgift, samanlikna med nabokommunane. Eit høgare ambisjonsnivå i planen skulle difor vera muleg og med eit gebyr på line med kommunar ein kan samanlikna seg med. Det vil og gi dykk som vassverkseigar større handlingsrom fro naudsynpte og ønska tiltak.

8. Vedlegg

-

Med helsing

Astrid Dale

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Omsyn til innspel frå Mattilsynet

2.1 Folketal

Innspel om at vasshandsamingsanlegget må ha kapasitet til framtidig folkeauke, samt auka forbruk ved ytterlegare hytteutbygging mellom anna på Kråko, er teke omsyn til ved kapasitetsauke i vasshandsamingsanlegget, sjå Prosjekt 1 *Saneringstiltak* og Prosjekt 2 *Rimbareid vassverk* i handlingsplanen.

3.5 Privat vassforsyning

Innspelet er teken omsyn til. Kommunal vassforsyning vert etablert i Sandvik vassverk sitt forsyningsområdet, sjå Prosjekt 7 i handlingsplanen.

5.2.1 Kapasitet i vassverket

Målsetjinga for lekkasjereduksjon er ambisiøst. I den grad ein kan redusera mengda tapt vatn er dette god ressursbruk. Arbeid med lekkasjereduksjon er ressurskrevjande og det er satt av midlar til å auka bemanninga i Fitjar kommune med ei stilling på VA. Arbeidet med lekkasjereduksjon skal gå for fullt i heile planperioden.

Uavhengig av oppnådd lekkasjereduksjon er det behov for å auka kapasiteten i vassverket. Arbeidet med å oppretta ein leidningsnettmodell for vassforsyninga skal starta omgåande. Modellen vil gi kommunen grunnlag for å utbygging av kapasitetsauke i vassverket, bygging av høgdebasseng, saneringstiltak og utviding av forsyningsnettet.

5.2.2 Vasskvalitet

ROS for vassforsyninga som inkluderer ein driftsgjennomgang av vassverket skal oppdaterast. ROS skal gjennomførast etter Mattilsynet sin rettleiar *Økt sikkerhet og beredskap i vannforsyningen, revisjon frå 2017*.

Skriftleg prosedyre for kloring skal vera testa og utprøvd før eventuell bruk.

5.5.2 Vassforsyning til Osternes

Ved å etablere kommunal vassforsyning til Sandvikvåg tar kommunen eit steg i retning av framtidig kommunal vassforsyning til Osternes. Vidare utbygging med vassforsyning til Osternes (Tufteland, Skumnes og Stokken) vert lagt til etter planperioden, og då truleg med ei tilkopling via ny forsyningsleidningen i Gloppevatnet. Tiltaket vert bearbeida ved rullering av kommunedelplanen.

6 Handlingsplan

Innspelet er teken omsyn til og omtala over.

Innspel frå Sandvik vassverk ved Harald Johan Sandvik

Harald Johan Sandvik
Sandvikvegen 26
5419 FITJAR

Sandvik, 15. juni 2020

Fitjar kommune
v/Randi Karin Habbestad
Postboks 83
5419 FITJAR

INNSPEL TIL KOMMUNEDELPLAN FOR VASSFORSYNING I FITJAR KOMMUNE 2020-2030

Syner til Utval for plan og miljø si utlegging av planen til høyring, vedteke i møte 21.04.2020. Eg skriv dette innspelet på vegne av abonnentane i Sandvik Vassverk. Underteikna er abonnent, medeigar og den som har stått for dagleg teknisk drift av anlegget sidan 1980.

No ber me om at Sandvik Vassverk vert innarbeidd i planen, og at leidningsnett til Fitjar kommune sitt vassverk vert utvida fram til Sandvikvåg og vårt dekningsområde.

Me har sett vår lit til at kommunedelplanen for vassforsyning skulle inkludera vårt vassverk, slik at me kunne sjå fram til endå meir stabil vassforsyning og vera ein del av det kommunale leidningsnett i Fitjar. På den bakgrunn skreiv styret i Sandvik Vassverk brev til Fitjar kommune 16. januar 2018. Sjå vedlagt, side 4 i dette dokumentet.

I planen som er lagt ut til høyring, er ikkje vårt anlegg med. Det er berre nemnt i det fire linjer store avsnittet om privat vassforsyning, punkt 3.5, at vassverket i Sandvik er det største private anlegget i kommunen. På kartet til punkt 5.5.2, vassforsyning til Osterneset, er ikkje vårt område markert i det heile. Det var svært overraskande.

I tillegg til at me dekkjer bruken til dei fastbuande, har anlegget vårt vesentleg offentleg interesse, då me syter for all vassforsyning til Sandvikvåg ferjekai. Her vil det vera trafikk i mange år framover.

Me kjenner Drikkevannsforskriften frå 2017, som set vesentleg strengare krav til vassverkseigar, samtidig som kommunen har fått eit endå større ansvar for sikker vassforsyning i sitt område.

Helsing

Harald Johan Sandvik

Side 2 og 3: Faktaside med opplysningar, Sandvik Vassverk

Side 4: Kopi av brev om saka frå 16. januar 2018.

SANDVIK VASSVERK, FAKTASIDE

1: Historie:

1964: Etablert av Esso for å skaffa vatn til ferjene. Gloppevatnet er vasskjelde.

1966: Utvida med 27 m³ høgdebasseng og 3 toms røyr til Sandvikvåg.

2002: Anlegget overført til grunneigarane, som har stifta Foreininga Sandvik Vassverk

2012: Installert reinseanlegg med forfilter, Ph-filter, humusfilter og UV-anlegg.

2: Forsyningstryggleik:

Sandvik Vassverk skaffar vatn til ferjekaien i Sandvikvåg og kafè/ catering- verksemda på kaien. Det inneber at me leverer til eit stort offentleg anlegg, som vil vera i drift i lang tid framover. Mattilsynet set strenge krav til vasskvalitet til verksemdar som lagar mat, og alle reknar med at vatn på eit offentleg toalett er reint. Som eit lite lokalt lag med få eigarar i eit nabolag, kan me ikkje bera den risikoen det er å ha ansvar for vasskvaliteten til offentlege føremål.

Sandvik Vassverk må halda seg til krava i Drikkevannsforskriften frå 2017. Me tar regelmessig vassprøvar, som vert analyserte hos S-Lab på Heiane. Dette vert gjort i følge vedteken prøvetakingsplan, på bakgrunn av krava i Drikkevannsforskriften. Vasskvaliteten har gjennom mange år vore heilt stabil og god. Vassverket er også pålagt å rapportera kvart år til Mattilsynet: Årlig rapportering av vannforsyningssystemer.

3: Teknisk i dag:

Årsproduksjonen er rundt 3.000 m³, og årsavgift er i 2020 kr. 3.500 for ein husstand. I løpet av året vert det lagt ned eit stort dugnadsarbeid for å halda anlegget i gang, både økonomisk og teknisk.

Tilførsle frå pumpeanlegget ved Gloppevatnet er først med 1 ¼ toms, siste del med 3 toms plastrøyr. Distribusjon til Sandvikgarden med 2 toms, til Sandvikvåg med 3 toms leidning. Leidningsnett er i god stand.

Høgdebassenget på 27 m³ frå 1966 treng ei moderat opprusting. Bassenget er nødvendig også for framtidig vassforsyning.

4: Abonnentar:

Me leverer vatn til seks heilårs hushald, eitt hybelhus, fem hytter, ei kafè- og cateringverksemd, eitt offentleg servicebygg med fire toalett, eitt ferjesamband og to billettuer. Til saman 16 abonnentar.

5: Praktisk utviding av leidningsnettet frå Spannstegen til Sandvik:

Vassleidningen kan leggjast frå Spannstegen og ned i Gloppevatnet, knapt 300 m. frå siste abonnent, vidare ca. 700 m. gjennom vatnet til nordre enden, der vårt noverande vassinntak er. Derfrå kan ein bruka vår eksisterande 40 mm. leidning, ca. 600 m. fram til vårt høgdebasseng.

På sikt kan det vera aktuelt å leggja større dimensjon på denne strekkja. Internt distribusjonsnett i Sandvik er fullgodt.

6: Økonomi:

Sandvik Vassverk har i dag 16 betalande abonnentar.

Ved å leggja leidning frå Spannstegen og gjennom vatnet, er det relativt lett for ein del av husstandane i Gloppo å kobla seg til det kommunale vassverk. Det vil kunna styrkja økonomien i tiltaket.

7: Konklusjon:

Me ser oss ikkje lenger i stand til å driva anlegget i framtida. I høgda kan me tenkja to år fram i tid.

Dette er først og fremst grunna i dei aukande krava til vassforsyningsanlegg, der det er svært krevjande for eit lite vassverk å følgja opp alt. Me har dei same krava til tryggleik som eit offentleg vassverk. At me har ansvar for levering til offentleg område, er ekstra tyngjande. Det vil vera rimeleg at kommunen overtar det ansvaret.

Deretter er økonomi eit svakt punkt. Me vil ikkje liggja særleg over Fitjar kommune sitt vassverk sine takstar for husstandar, og det gjer at me ikkje har overskot i drift.

I tillegg gjev den vedtekne prøvetakingsplanen vår årlege kostnader til analysar på rundt kr. 15.000. Me rapporterer 4 gonger i året.

Underteikna har frå 1980, i 40 år, hatt ansvar for dagleg drift av anlegget. No ynskjer eg at kommunen skal overta ansvaret.

Kommunen har også tidlegare overteke private vassverk, i Dåfjorden, noko som tilsynelatande har vore ei lukkeleg løysing. Difor håpar me på ein positiv utgang på denne saka.

Sandvik Vassverk
v/Kristian Skumsnes
Nesevegen 88
5419 FITJAR

Sandvik, 16. januar 2018

Fitjar kommune
Postboks 83
5418 FITJAR

INNSPEL TIL VA-PLAN. YNSKJE OM AT KOMMUNEN LEGG VASSLEIDNING FRAM TIL SANDVIK.

Me syner til kommunestyrevedtak i desember 2017, der det vart vedteke å utarbeida plan for vatn og avlaup i Fitjar kommune.

Styret for Sandvik Vassverk ber med dette om at vårt vassverk vert teke med i vurderinga. Me ynskjer at kommunen legg vassleidning fram til vårt leveringsområde.

Det ligg i dag kommunal vassleidning fram til Spannstegen. Truleg vil det vera enklast å ta opp grøft ned til Gloppevatnet og leggja leidning gjennom vatnet. Det vil også gjera det enklare for fleire eigedomar i Osternes å kopla seg til. Frå nordre enden av Gloppevatnet og til Sandvik er det fullt mogeleg å bruka vårt eksisterande leidningsnett.

Sandvik Vassverk er i dag einaste vassleverandør til Sandvikvåg ferjekai. Me hentar vatn frå Gloppevatnet. Vassverket har høgdebasseng på 27 m³ og reinseanlegg med nødvendige filter og UV-anlegg. Årsproduksjonen er rundt 3.000 m³, og årsavgift var i 2017 kr. 3.500. Alt arbeid vert gjort på dugnad. Det vert regelmessig teke vassprøvar, som vert analyserte hos S-Lab på Heiane. Vasskvaliteten har gjennom mange år vore heilt stabil og god. Vassverket er organisert som foreining, med fem grunneigarar som partshavarar. Me leverer vatn til sju heilårs hushald, eitt hybelhus, fem hytter, ei kafè- og cateringverksemd, eitt offentleg servicebygg med fire toalett, eitt ferjesamband og to billettbuer. Til saman 17 kundar.

Me har gjort oss kjende med Drikkevannsforskriften 2017, som set vesentleg strengare krav til vassverkseigar, samtidig som kommunen har fått eit endå større ansvar for vassforsyninga i sitt område.

Me håpar på ein god dialog i prosessen.

Helsing styret i Sandvik Vassverk

Kristian Skumsnes, leiar Harald Rydland, kasserar Harald Johan Sandvik, operatør

Omsyn til innspel frå Sandvik vassverk

Innspelet om kommunal vassforsyning til abonnentane til Sandvik vassverk vert tatt med i planen og det skal i planperioden etablerast kommunal vassforsyning til Sandvikvåg. Kommunen ynskjer å etablera ny leidning frå dagens Ø160 leidning i Sandvikvågvegen til Statens vegvesen sitt leidningsnett i Sandvikvåg.

I innspelet går det fram at Sandvik vassverk ser for seg å driva vassverket i maksimalt to år fram i tid. Kommunen vil prioritera tiltaket, men det er naudsynt med analysar på leidningsnett og utviding av kapasitet i forsyningssystemet før leidning til Sandvikvåg kan etablerast. År for utbygging er sett til 2024/2025.

Innspel frå Osternes Grendelag

Osternes Grendalag
v/styret
5419 Fitjar

15.06.20

Fitjar kommune
Postboks 83
5418 Fitjar

Gjeld kommunedelplan for vatn og avløp

Me i Osternes Grendalag vil peike på at det også i Osterneset er behov for offentleg vatn. Husstandane i grenda har i dag private borehol, brønnar og uttak frå Gloppevatnet. Som kjend er alt greitt når ting fungerer som det skal. Verre er det når det ikkje gjer det. Då kan det få til dels store konsekvensar. Det å oppleve at det plutselig ikkje renn vatn ut av springen, er ei utfordring for aktive familiar, for dei gamle og ikkje minst i forhold til husdyrhald. Husstandane i Osterneset har eigne og ulike løysingar for vasstilførsel, og hos dei fleste fungerer dette bra. Men det er slik at nokon husstandar slit med tilførsel av vatn og mykje problem med borehol og brønn og andre slit med vasskvaliteten. Grendalaget er inneforstått med at å få tilgang på offentleg vatn gjennom å legge vassleidning frå Spanstegen til Stokken og Skumsnes og vidare til Sandvikvåg, Levåg og Ferøysundet, vil by på store kostnader for kommunen. På vegne av innbyggjarane i grenda vil Grendalaget likevel be om at kommunen tek området inn i vassplanen for dei neste ti åra, om ikkje anna for å forplikte seg til å gjere ei kostnads- og konsekvensutgreiing og skaffe ei heilskapleg oversikt over eit slikt prosjekt. Grenda må nemnast i planen og det må gå fram at kommunen har ein tanke om kva framtida vil bringe også for denne delen av kommunen.

Grendalaget vil vidare peike på at vassbassenget som er planlagd ved Fitjarstølane, bør trekkjast nordover, slik at dette kan verte tilgjengeleg for Årskog og Osterneset på sikt. Me oppfordrar kommunen til å tenkje heilskapleg i forhold til framtidige behov og busetnad i kommunen.

Torill Solbakken
Leiar

Kristian Skumsnes
Nestleiar

Omsyn til innspel frå Osternes Grendelag

I denne planperioden tar kommunen med tiltak om å etablere vassforsyning til Sandvikvåg, særleg med tanke på næringsverksemd og potensielt næringsareal i området. Vidare utbygging avheng av den totale arealdisponeringa og utbyggingar i framtida. Vassforsyning til Osternes er kostnadsberekna i planarbeidet. Skissert tiltak er utforande å gjennomføra i eksisterande veg og særskilt kostnadskrevjande. Tiltaket vert vurdert ved rullering av kommunedelplanen.

Planlagt høgdebasseng ved Fitjarstølane skal forsyna Årskog og framtidig kommunal vassforsyning mot Sandvikvåg og Osternes. Område som er skissert i planen er eit stort område, og det skal gjerast vidare vurderingar omkring plassering i forhold til tilkopling, storleik og trykk i leidningsnettet.

Innspel frå NVE



Fitjar kommune
Postboks 83
5418 FITJAR

Vår dato: 15.06.2020
Vår ref.: 201900720-3
Arkiv: 323
Dykkar dato: 04.05.2020
Dykkar ref.: 5184491

Sakshandsamar:
Toralf Otmes
22959527/toot@nve.no

NVE si fråsegn - Offentleg ettersyn - Kommunedelplan for vassforsyning og Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2020-2030 - Fitjar kommune

Vi syner til brev frå Norconsult datert 04.05.2020. Saka gjeld høyring av Kommunedelplan for vassforsyning, og Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2020 – 2030.

Kommunedelplan for vassforsyning

Dersom det vert lagt opp til auka/nytt uttak av vatn i høve til det som er gjeve loyve til etter vassressurslova tidlegare så må de søke NVE om loyve til det.

Kommunedelplan for avløp og vassmiljø

NVE har ingen merknader.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Toralf Otmes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Epost: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internet: www.nve.no

Hovedkontor Middelthungsgate 29 Postboks 5091, Majorstuen 0301 OSLO	Region Midt-Norge Alets gate 9 7030 TRONDHEIM	Region Nord Kongens gate 52-54 Capitolgården 85 14 NARVIK	Region Sør Anton Jenssensgate 7 Postboks 2124 3103 TONSBERG	Region Vest Naustdalvegen, 1B 6800 FORDE	Region Øst Vangsvien 73 Postboks 4223 2307 HAMAR
--	---	--	--	--	---

Omsyn til innspel frå NVE

Innspelet frå NVE vert følgt opp i forbindelse med konkrete tiltak, men har ikkje konsekvens for sjølve kommunedelplanen utover at det bør gå fram av planen kor det er aktuelt med auka/nytt uttak av vatn i forhold til gjeldande løyve. Dette er spesifisert i planen, sjå delkapittel 5.2.1.

Innspel frå Dåfjord Næringsforum



Høyringsinnspel til ny plan for vassforsyning i Fitjar kommune

Dåfjord Næringsforum (DNF) har fyljande høyringsinnspel til «Plan for vassforsyning» for Fitjar kommune. Me viser òg til allereie innsendt innspel til planarbeid for vatn og avlaup.

2.1 Planføresetnad, folketal:

I planføresetnadar legg ein til grunn kommunens arealplan frå 2012, der peiker ein på Rossneset, Vestbøstadfeltet og Kråko som områder ein forventar bustadbygging/befolkningsvekst. Dåfjorden har hatt kontinuerleg vekst i 20 år og er einaste området utanom sentrum med befolkningsvekst i Fitjar kommune 2014-2019 (ref. ny samfunnsplan)

I samfunnsplanen for 2020-2040 står det at Dåfjorden er eit område som er egna for fleire nye bustadområde, og det er signalisert at kommunen forventa befolkningsvekst i krinsen.

Befolkningsauke og forventa auka vassforbruk i krinsen, må etter vårt syn, leggjast inn i føresetnadane i planen.

3.3 Transportsystem

Kommunen har signalisert at trasen på strekninga mellom «Revurda» og bedehuset ligg i dårleg masse, og at eksisterande 110mm PVC bør skiftast til 180mm PE eller 160mm PVC.

5.4 Høgdebasseng/vasstrykk/brannvatnkapasitet

DNF har fått tilbakemeldingar frå administrasjonen i kommunen at brannvatnkapasiteten i Dåfjorden er lav/dårleg.

Brannvatnkapasiteten vert i planen omtala som lav i delar av nettet. I kapittel 4.4 beskriv målsetting at «Vassforsyninga skal vera tilstrekkeleg til å dekkje brannvesenet sitt behov for vatn til brannsløkking.»

DNF ynskjer at det kjem fram kvar kapasiteten er lav, kva tiltak som må til for å auke kapasiteten, kva definisjonen «lav» inneber, samt om planlagt samankopling til leidningsnettet frå Stord Kommune vil påverke eksisterande kapasitet.


Høgdebassenga i kommunen blei omtala i planen, men det kjem ikkje fram om desse pr. i dag har god nok kapasitet.

Forslag/innspel frå DNF:

Dåfjord Næringsforum ynskjer å komma med fyljande forslag til planen:

Planperiode 2020-2024

700 meter ny trase langs fylkesveg 72 mellom skulen og «Revurda»



Figur 1, Forslag til ny trasé for vassleidning frå Selevik Skule til Revurda. Ca. 700 meter


Dette er ein trase som kommunen har komme med tilbakemelding om at *må* byggast og omtalt som «heilt nødvendig» for å kunne gjennomføra planlagde bustadområde. (sjå utmerka område i kart under)



Figur 2, viser omtrentleg område for nye planlagde bustadområde. Kring 30 bustadtomter, samt to område for fleirmannsbustadar og tun.

Planperiode 2024-2028

1000 meter. Skifte ut eksisterande leidning frå Revurda til Lønevågen.



Figur 3 Viser foreslått oppgradering av eksisterande vassleidning frå Revurda til Lønevågen. 1000 meter

Ved å utført foreslåtte tiltak vil ein:

- Gjennomføra nødvendige oppgraderingar for å kunne realisere nye planlagde bustadområde.
- Gjere det mogleg å fortsette vidare vekst og utvikling i Dåfjorden.
- Få fleire påkoplingspunkt og auka vasskapasitet/brannvatnkapasitet, som i dag er betenkna som lav.
- Betre tilkomst til leidningsnett.
- Utført nødvendige utskiftingar/oppgraderingar av leidningar i bygda.
- Til tross for at desse to tiltaka *tilsaman* kun er 1700 meter vil dei potensielt kunne gi gang/sykkelveg/fortau langs mesteparten av vegen i bygda. (vegen er skuleveg for størsteparten av elevane ved Selevik skule)
- Ha moglegheit til å kunne samkøyre prosjektet og eventuelt kunne dele kostnadar med fylkeskommune og kraftlag.

Me håpar dykk tar innspela våre til fylje og ser fram til ny oppdatert plan for vassforsyning i Fitjar kommune.

Med vennleg helsing
Dåfjord Næringsforum

Omsyn til innspel frå Dåfjord Næringsforum

Innspelet om ny leidning/sanering av eksisterande leidning frå Revurda til Selevik skule vert tatt inn i planen. I innspelet vert det vist til at det er planlagt nye byggjefelt mellom Revurda og Selevik skule. Vassleidningen vert sanert i samband med utbygging av bustadfeltet og vert etablert i Dåfjordvegen. Tiltaket vert lagt til slutten av planperioden, men avheng av at det vert utbygd bustadfelt.

Tiltak med sanering av eksisterande leidning frå Revurda til Lønevågen vert lagt til etter planperioden.

Sjå elles revidert plan for innspel omkring brannvassdekning.

Innspel frå Fiskeridirektoratet



Norconsult AS
Att: Ingrid Vatne
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Adm.eining: Kyst- og havbruksseksjonen i region Vest
Sakshandsamer: Ina Gull Solheim
Telefon: 918 88 890
Vår referanse: 19/949
Dykkar referanse: 5184491
Dato: 10.06.2020

Fitjar kommune Hordaland - Uttale til offentlig ettersyn av kommunedelplan for vassforsyning avløpshandtering og vassmiljø 2020-2030

Vi viser til brev frå Norconsult AS angående offentlig ettersyn av kommunedelplan for vassforsyning, avløpshandtering og vassmiljø for Fitjar kommune.

Fiskeridirektoratet region Vest har ikkje merknadar til kommunedelplanen. Det er ikkje planlagt nye vassleidningar i sjø, og det er lagt opp til betre reinsing av avløp, som igjen vil vere positivt for det marine miljøet.

Vi ber om kopi av endeleg vedteken plan.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ina Gull Solheim
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.

FISKERIDIREKTORATET Postadresse: Postboks 185, 5804 Bergen | Telefon: 55 23 80 00
Organisasjonsnr: 991 203 420 | E-postadresse: postmottak@fiskeridir.no | Internett: www.fiskeridir.no

Markand til innspel frå Fiskeridirektoratet

Det er planlagt ny sjøleidning for vassforsyning. Sjå tiltak FI-9-V.

Innspel frå Statens Vegvesen



Norconsult AS – Bergen
Postboks 1199
5811 BERGEN

Ingrid Vatne

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Transport og samfunn	Lars Ottar Sagstad / 94802882	20/82484-3	5184491/Brev_Høyring_Kommunedelplan	08.06.2020

Uttale –Melding om offentlig ettersyn – Kommunedelplan for vassforsyning – avløp og vassmiljø 2020–2030 – Fitjar kommune

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg og europaveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Statens vegvesen har ut fra vårt ansvarsområde følgande merknader

Vann og avløp ligger ofte i tilknytning til veger som Statens vegvesen er satt til å forvalte. Av særleg hensyn til drift- og vedlikehaldsoppgåver bør vassleidningar i utgangspunktet leggast utanfor vegarealet, herunder veg, grøft, skjering, fylling og gang- og sykkelveg. Dersom graving i eller langs disse vegane likevel aktualiserast i forbindelse med utbering, sanering og/eller nyanlegg, må det utførast etter gjeldande regler for graving og nærføring til offentlig veg- og gategrunn, jf. vegloven §§ 32 og 57.

Man bør så langt som det er mogleg forsøke å koordinere utbygging og vedlikehald av anlegg for vann og avløp med vedlikehalds- og investeringstiltak på vegen. Langsiktige planer og gode strategiar for å koordinere dette, ser vi på som en viktig oppgåve og må omtales i planen.

Med bakgrunn i de siste års store utfordringar vedrørende nedbør og flom så er det åpenbart at man må oppdimensjonere dreneringssystemet for å ivareta sikkerheten når slike tilfeller inntreffer. Dette gjør da også at Statens vegvesen sin håndbok N200 – Vegbygging, som legges til grunn for våre egne beregninger knyttet til hydrologiske forhold.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971082081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadso

Det viktigaste prinsippet ved dimensjonering i denne samanheng er vassbalansen. Da må man vite avrenning og kapasitet på dreneringssystemet (både rør, grøfter og eventuelle fordryningsbasseng). Dreneringssystemet må også kunne handtere sedimenter og drivgods. Ved massetransport må det etablere tiltak for å enten samle eller spyle gjennom massane for å unngå gjentetting. Økte dimensjoner er sentrale tema samen med energidemping og erosjonssikring. Avrenningsberegningar har generelt stor usikkerhet og spesielt de siste årene forteller oss at denne usikkerheten fort kan være større enn klimafaktoren.

Det er viktig at man legger til grunn felles forutsetningar når hydrologiske forhold skal ivaretaast. Dette er særleg påkrevd når den tekniske infrastrukturen nærmest har en glidande overgang mellom ulike elementer og aktører. Det er viktig å avklare roller og ansvar knytta til utbygging siden dette også berører Statens vegvesen sitt forvaltningsansvar.

Transportforvaltning Vest 3
Med helsing

Sindre Lillebo
seksjonssjef

Lars Ottar Sagstad
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Omsyn til innspel frå Statens Vegvesen

Innspela frå Statens vegvesen har ikkje direkte konsekvens for tiltak i sjølve planen, men må hensyntas i forbindelse med dimensjonering og bygging. Forhold kring koordinering mot vegutbetring og langsiktig planlegging er spesifisert i planen.

► Høyringsfråsegn planprogram

1. Fylkesmannen i Vestland
2. Statens Vegvesen
3. Fiskeridirektoratet
4. Direktorat for mineralforvaltning



NORCONSULT AS v/Ingrid Vatne
Postboks 626
1303 SANDVIKA
Att. Ingrid Vatne

Saksbehandlar, innvalstelefon
Åse Vaag, 5557 2188

Oppstartsmelding - Planprogram - Fitjar - Kommunedelplan for vassforsyning avløpshandtering og vassmiljø 2020 - 2030

Vi viser til oversending 16. januar 2019 med varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram for kommunedelplan for vassforsyning, avløpshandtering og vassmiljø. Planperioden er 2020-2030.

I følgje planprogrammet er målet at kommunedelplan avlaup og vassmiljø skal vere klar for vedtak i kommunestyret hausten 2019.

Fylkesmannen finn stort sett forslag til planprogrammet tilfredsstillande, og det vil venteleg vere eit nyttig rammeverk for naudsynte utgreiingar. Vi har nokre merknader som er utdjupa under.

Fylkesmannens kommentarar

Det er oppgitt at silanlegget på Koløy skal sanerast, og at det skal etablerast slamavskiljar før planperioden. Det er viktig at reinseanlegget blir utforma slik at det kan takst prøver av tilført og reinsa avløpsvatn, dersom reinseanlegget er underlagt krava i § 13-8 a) eller b). Det skal også vere mogeleg å gjennomføre målingar av mengde avløpsvatn, jf. forureiningsforskrifta § 13-12.

Avløpsanlegg som blir bygd for å erstatte eksisterande avløpsanlegg blir rekna som nye, sjølv om funksjon og lokalitet er uendra. Avløpsanlegg som har utsleppsløyve, må likevel overhalde krav i kapittel 11 i forureiningsforskrifta. Rapporteringskrav i § 11-5 kjem ofte i tillegg til vilkår i gjeldande løyve.

I følgje planen er det ikkje gjennomført resipientgranskingar sidan 2000. Fylkesmannen ser positivt på at resipientgranskingar i noverande og eventuelt framtidige resipientar for avløpsvatn er tilrådd. Vi vil minne om at granskingane også må omfatte krava i vassforskrifta.

Vi kan sjå at det er vanskeleg ikkje å ha tilgang til oppdatert kartverk for leidningsanlegg/VA-installasjonar ved oppstart av planarbeidet. Dette er eit viktig hjelpemiddel som må oppdaterast.



Fylkesmannen vil oppmode kommunen om å setje handtering av overvatn på plass i arealplanane. Vi viser til relevant rettleiar *TA-2317/2007-Klimatilpassninger- Veiledning om mulige tiltak i avløpsanlegg*.

Forureiningsforskrifta §§ 13-6 og 13-11 har krav om at avløpsreinseanlegg og avløpsleidningsnett skal dimensjonerast, byggast, drivast og haldast ved like for å imøtekome utfordringane med eventuell klimaendring.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør plan

Åse Vaag
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Statens vegvesen

Norconsult AS – Bergen
Postboks 1199
5811 BERGEN

Ingrid Vatne

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Eva Birgitte Teige / 45023750

Vår referanse:
19/12379-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
19.02.2019

Uttale til oppstart av planarbeid – Kommunedelplan for vassforsyning, avløpshandtering og vassmiljø 2020–2030 – Fitjar kommune

Viser til melding om planprogram og oppstart av kommunedelplan for vassforsyning, avløpshandtering og vassmiljø datert 16.01.2019.

Statens vegvesen meiner det er positivt at det skal sjåast på utfordringane med klimaendringane og handtering av overvatn som ein del av planarbeidet.

I fleire kommunar samarbeider me tett med VA avdelingane til kommunane der me har vegprosjekt, slik som me har gjort i andre vegprosjekt i Fitjar, og gjer no i vegutbetringane som går føre seg i Fitjar sentrum. Me ser fram til eit godt samarbeid i komande prosjekt også.

Me har elles ingen merknader til planprogrammet.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Seksjonsleiar

Teige Eva Birgitte

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Norconsult AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest
Sakshandsamar: Ina Giil Solheim
Telefon: 918 88 890
Vår referanse: 19/949
Dykkar
referanse:
Dato: 14.02.2019

Att:
Ingrid Vatne

Fitjar kommune Hordaland - Uttale til melding om oppstart av planarbeid - Kommunedelplan for vassforsyning avløpshandtering og vassmiljø 2020-2030

Vi viser til brev frå Norconsult AS, motteke her den 16.01.2019, om ovannemnde sak.

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse næringane er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Om planprogrammet og innspel frå Fiskeridirektoratet region Vest

Fiskeridirektoratet region Vest stiller seg positive til planprogrammet. Det går tydeleg fram kva som er føremålet med arbeidet med revisjon av kommunedelplan for vassforsyning og vassmiljø. Det er positivt at fiskeri og biologisk mangfald er blant utgreiingstema for konsekvensutgreiing. Med biologisk mangfald forutset vi at dette også inkluderer marint biologisk mangfald.

Data om kystnært fiskeri er kartlagt av Fiskeridirektoratet og de finn desse opplysningane i vårt kartverktøy Yggdrasil (<https://kart.fiskeridir.no/plan>). Hak av for tema *kystnære fiskeridata* og klikk i kartet for opplysningar. Vidare kan ein hake av for andre temalag som *marint biologisk mangfald* og *akvakulturlokalitetar*. Ta kontakt med sakshandsamar om de har spørsmål om fiskeri- og akvakulturinteresser og marint biologisk mangfald i Fitjar kommune.

Vi ber om å få planen på høyring når den er klar for offentlig ettersyn.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ina Gii Solheim
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Norconsult AS

Postboks 626

1303

SANDVIKA



Norconsult AS
Postboks 1199 Sentrum
5811 BERGEN

Dato: 25.01.2019
Vår ref: 19/00131-2
Deres ref: 5184491/brev_Melding
om oppstart av planarbeid

Fråsegn til planoppstart og høyring av planprogram for kommunedelplan for vassforsyning, avløpshandtering og vassmiljø 2020-2030 i Fitjar kommune

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 16. januar 2019.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i plansakar.

Om plana

Kommunedelplanane for vassforsyning og avløp/vassmiljø skal ha status som kommunale temaplanar etter plan- og bygningslova, noko som mellom anna inneber at ein utarbeider eit planprogram for arbeidet.

Føremålet med planarbeidet er å klargjere formål med kommunedelplanane, samt avklare rammer og premisser for arbeidet. Det skal vidare avklarast kva tema og problemstillingar som er knytt til planarbeidet, og kva for utgreiingar som må utførast i planperioden.

Uttale til saka

Ut i frå Noreggeologiske undersøking (NGU) er det registrert ein pukkførekomst av granitt av lokal betydning på Svartasmoget og ein grusførekomst på Vik¹. Kommunen har også nokon registreringar av malm og naturstein². Planlagt tiltak må ikkje bandlegge viktige mineralske ressursar. Forutan dette har ikkje DMF på novarende tidspunkt ytterligare fråsegn til planoppstart og høyring av planprogram for kommunedelplan for vassforsyning, avløpshandtering og vassmiljø 2020-2030 i Fitjar kommune.

¹ http://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Oppslag.Alle_fkom_komm?p_kommunenr=1222

²

http://aps.ngu.no/pls/oradb/minres_Mi_list_fkom.Alle_fkom?p_kommunenr=1222R&p_sprak=N



For nærmare informasjon om minerallova med tilhørende forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no.

Med helsing

Kristine Bye
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Kristine Bye

Motta karar:

Norconsult AS

Postboks 1199 Sentrum

5811 BERGEN

Kopi til: